

SAMHANDLINGSREFORMA

- I 2008 tok KS og helseføretaket initiativ til å starte arbeidet med betre og meir forpliktande avtalar mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Eit av måla var betre samarbeid samt likeverd. Tradisjonelt hadde helseføretaka hatt styring og det var behov for at kommunane kom meir på banen. Helseføretaket samhandla med den enkelte kommunane og KS hadde fokus på at saman kunne dei 22 kommunane utrette meir i lag en aleine.
I februar 2009 signerte alle dei 22 kommunane ein samarbeidsavtale med Helse Bergen og Haraldsplass diakonale sjukehus. Avtalen gjeld for perioden 2009 – 2012.
Det vart danna 4 Samarbeidsutval; Hardanger og Voss, Nordhordaland, Bergen kommune og Bergensregionen. Me tilhøyrer Bergensregionen (Samnanger, Os, Fusa, Austevoll, Fjell, Øygarden, Sund og Askøy).
Dei 4 utvala har jamlege møter med representantar frå Helse Bergen, Haraldsplass diakonale sjukehus og psykiatritenesta.
Frå Samnanger er pleie og omsorgsleiar nestleiar i utvalet for bergensregionen.
- For å ha fokus på betre samarbeid har utvala utarbeidd avtale om inn og utskriving av pasientar i sjukehus ” *rutinar for samhandling mellom kommuner, Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Helse Bergen HF innen somatisk sektor 2009 – 2012*”
Eit av hovudmåla var å sjå om betre samhandling ville få ned tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus. Statistikk syner ein klar nedgang. Samnanger kommune har ikkje hatt utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus dei siste åra.

Samhandlingsreformen skal medvirke til et helhetlig og sammenhengende tjenestetilbud av god kvalitet. Det skal legges økt vekt på helsefremmende og forebyggende arbeid. Folk skal få bedre bistand til koordinering av behandling og oppfølging, og få mer av den helsehjelpen de trenger nær der de bor. Oppfølging av personer med kroniske lidelser skal bli bedre og flere skal få hjelp til å legge om levevaner (sitat frå sosial og helsedirektoratet si heimeside).

I følgje fylkeslegen (i møte 31.08.11) er reforma ei retningsreform. Ho ser for seg ein innkjøringsfase på fleire år.

Frå 01.01.12

- Ny Helse- og Omsorgslov (kjem i staden for kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova). Pasientrettighetslova og Helsepersonellova vil få store betydning.
- Kommunane skal betale kr 4000,- for utskrivingsklare pasientar. Medan men no har litt romslegheit for kvarandre vil ein no måtte betale så snart pasienten er meldt utskrivingsklar til kommunen. Når ein pasient er innlagt i sjukehus skal sjukehuset melde innan 24 timar om det vil være behov for kommunale tenester etter sjukehusopphaldet. I dag har me i avtalen innan eit døgn. Tidleg kontakt er viktig for god planlegging. Me opplever at dette alt fungerer godt i vårt føretaksområde. Kommunen bestemmer sjølv om

dei kan ta imot pasienten. Det vil sei at pasienten ikkje vert skriven ut frå sjukehus før kommunen er klar for å ta imot.

- Medfinansiering for pasientar på sjukehus (minus kirurgi, fødselar, spedbarn og bestemte kostbare legemidler).

- Plikt til døgnopphald ved øyeblikkelig hjelp trer ikkje i kraft før 2016. Skal være fullfinansiert. Kommunane skal ikkje overta akuttfunksjonar. Grappa ein her snakkar om er kronikarane som jamleg treng tettare oppfølging, men ikkje nødvendigvis treng inn i sjukehus (hasteplassar).

Status i Samnanger pr 07.09.11:

- Pleie og omsorgsleiar set i Samarbeidsutvalet.
- Ikkje utskrivingsklare pasientar på sjukehus pr i dag. Kan få utfordringar i samband med mellombels drift av sjukeheim.
- **OO (oppvekst og omsorg) -012/11 Vedtak;**
Mandat for grappa: Kartleggje kva utfordringar kommunen har, kva me er godt budde på, kva tiltak me må ta åleine og kva saman med eventuelt andre.
Prosjektleiar for grappa er pleie og omsorgsleiar. Grappa skal ha sitt første møte 12.09.11. (kommunelege, leiar for sosial og helse, leiar psykiatri, HTV fagforbund og NSF, folkehelsekoordinator og kommunefysioterapeut).
- Vidare arbeider pleie og omsorgsleiar med prosjekt ” **utredning av interkommunale samhandlingstiltak for Os, Fusa og Samnanger**”. Prosjektet har fått økonomisk støtte til å utrede mogeleg samarbeid. Utredningsfase i perioden 01.09.11 – 31.12.11. Målet er å vurdere kva me har behov for, korleis få ting til, åleine eller saman med andre? Tre grupper som vert leia av kvar sin prosjektleiar. Gruppene vil være diabetes og kols, observasjonsenger og ”øyeblikkelig” hjelp funksjon med døgntilbod og folkehelsekoordinator. Frå Samnanger deltek ulike fagpersonar. Trine Langeland Skogheim frå Samnanger skal leie grappa som skal utrede diabetes og kols. Felles oppstartsmøte for alle deltakarane i dei tre prosjekta vert 07.09.11.
- . Forskriftene knytt til ny lov er no ute på høyring med høyringsfrist 06.10.11. KS vil gje samla uttale og har bedt kommunane å komme med innspel. Samnanger vil ta utgangspunkt i det utkastet KS lagar.
- Kommunane får pengar til medfinansiering, betaling for utskrivingsklare pasientar og tiltak i samband med reforma vil Samnanger kommune vil ca 2,5 mill (summen kan verte korrigert undervegs).
- Fagforbundet og NSF har fått ut informasjon til møter med sine medlemmer.
- OO vart orientert om status i møte 06.09.11.